



Oddny Røyset
Røysetvegen 97
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/171 - 17/12336

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
16.06.2017

Løyve til skadefelling av hjort på Gbnr. 13/2 og 3 - Røyset

Administrativt vedtak. Saknr: 172/2017

Saksutgreiing:

Oddny Røyset søkjer i epost datert 05.06.2017 om løyve til skadefelling av hjort på bakgrunn av beiteskader på innmark. Dei har tidlegare år også hatt beiteskader på slåttemarka som fylgje av hjort. Dei har prøvd ulike tiltak for å få hjorten vekk frå innmarka som til dømes med å skremma dei vekk. Dei er med i Midtre Holsnøy hjortevald og det har vorte skote hjort på innmarka dei fleire gongar dei siste åra.

Meland kommune v/ skog- og miljøkonsulent var på synfaring 12.06.2017 for å sjå på omfanget av skadane.

Vurdering:

Beiteskader som fylgje av hjort er ikkje eit uvanleg fenomen på innmark. Oftast skjer beiting av hjort på innmark i dei periodane av året der det er lite beite igjen i utmarka, gjerne sein vinter/ tidleg vår. Ofte vil hjorten trekke ut av innmarka når det igjen er nytt friskt beite i skog og utmark. Beiteskader kan inntreffe både ved høge og låge tettheter av hjort. Og ofte er dei mest utsette områda dei jordbruksområda som er godt drive og som ligg nært opp til dømes kalvingsområde.

Skadefelling skal ikkje vere eit fyrsteval som skadedempande tiltak ved beiteskader. Ein må forsøke å gjere andre tiltak før ein kan søke om skadefelling. Oddny Røyset har opplevd beiteskader tidlegare år også, dei har prøvd fleire ulike tiltak som gjerding og skremming m.m. Det har blitt jakta hjort på innmarka deira som eit tiltak for å ta ut problemindivid i samband med ordinær jakt. Søkjar opplyser at det er den same flokken med dyr som går igjen kvar dag og at dei bryr seg lite om skremming.

Administrasjonen har vore i kontakt med valdet og ein nabo for å undersøke nærare bakgrunnen for skadane. Valdet opplyste at dei har skote dyr der fleire gongar dei seinare åra og at dei er kjent med denne

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

flokken som går mellom Erstad/Meland og Røyset. Det har også blitt informert om at hjortane viser lite teikn på skyheit og går nær hus og bilar. Dette er med på å gjere tiltak som skremming mindre effektive.

Administrasjonen har synfart og sett skadeomfanget av beitinga. Graset er hardt beita mange plassar og har berre ein tredjedel til halvparten av den høgda graset bør ha på dette punktet i vekstsesongen. Administrasjonen ser at det er eit reelt problem for grunneigar å kunne få nok vinterfôr. Vidare ser administrasjonen at søkjar har prøvd fleire ulike alternativ for å unngå skader og at dette har skjedd tidlegare også.

Det er administrasjonen si vurdering at vilkåra for å kunne gje løyve til skadefelling for å unngå meir skade på innmarka, og administrasjonen vil difor gje løyve til skadefelling av eit dyr.

Hjorten er i denne perioden i gang med kalving, og dei som ikkje har kalva vil snart kalve. For å unngå tilfelle der drektige dyr eller dyr som nylig har kalva blir skotne, vil ikkje kommunen gjeve løyve til felling av hodyr. Løyve vil berre gjelde hanndyr.

Administrasjonen har gått gjennom saka med valdet, og blitt samde om at dyret skal takast som ein del av valdet si ordinære fellingskvote for 2017 og felling skal gjennomførast av ein av valdet sine jegerar. Dette skal gjerast for at skadefellinga da vert gjort i tråd med hjorteforvaltninga kommunen praktiserer. Hjortevilt felt utanfor ordinær jakttid er kommunen sin eigedom jf. Viltlova § 48. Men kommunen kan likevel overlate hjortevilt felt med løyve etter naturmangfaldslova (NML) til jaktberettigede mot tilsvarande frådrag i deira kvote. Administrasjonen gjev det felte dyret til Midtre Holsnøy hjortevald mot tilsvarande frådrag i deira kvote for 2017.

Ved gjennomføring av uttaket gjeld same regelverk for jakt og human avliving som ved ordinær jakt. Og den som skal gjennomføre uttaket skal oppfylle dei same krav til oppskyting og tilgang til ettersøkshund som ved ordinær jakt.

Det er administrasjonen si samla vurdering at det vert gitt løyve til skadefelling av ein hjort, hanndyr over eit år til Oddny Røyset som fylgje av store beiteskader på innmark. Uttak skal gjennomførast i samråd/samhandling med Midtre Holsnøy hjortevald og Meland kommune gjer dyret til valdet mot frådrag i deira kvote.

Vedtak

«Meland kommune gjer med heimel i naturmangfaldslova § 18, første ledd bokstav b, jf. NML 18 siste ledd og viltlova § 48 løyve til skadefelling av ein hjort til Oddny Røyset. Løyve er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Det skal berre fellast hanndyr over 1 år.
2. Løyvet er gyldig til og med 30.06.2017.
3. Løyve gjeld berre på Gbnr. 13/2 og 3.
4. Felling skal utførast av Henning Wilhelmsen på vegne av Midtre Holsnøy hjortevald.
5. Felt dyr går til Midtre Holsnøy hjortevald mot frådrag av tilsvarande dyr i deira kvote for 2017.
6. Felt dyr skal rapporterast på fellingsrapport på ordinær måte, men kommunen skal og varslast når dyret er felt da det blir felt utanfor ordinær jakt.
7. Jakt og felling skal gjennomførast i tråd med gjeldande regelverk for utøving av jakt.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Erstad

Melandsvegen 260 5918

FREKHAUG

Mottakere:
Oddny Røyset

Røysetvegen 97 5918

FREKHAUG